

# Grottepadling på Mallorca

Frå store katedralar til skumle smale passasjar. Å padle i grotter på Mallorca spelte på heile følelsesregisteret!



▲ Store grotter.

**A**rets påske var som kjent i mars, og dermed forventet vi ein litt kjøleg ferie på Mallorca. Men, sånn vart det ikkje! Ved ankomst vart vi møtt av norsk høgsommar med 24 grader i lufta. Vår oppblåsbare dobbelkajakk vart umiddelbart pumpa opp og grotteekspedisjonen kunne starta. Då turistsesongen ikkje hadde begynt, var alle buktene og strendene så godt som folketomme!

Dermed vart det ektefølt Robinson Crusoe stemning kvar gong vi padla i grottene eller gjekk i land på ei øde strand som ellers er fylt opp av solsenger.

### Spansk «allmannsrett»


I løpet av ti dagar forflytta vi oss med kajakk, bil og seglbåt langs lange parti av kysten, og overalt oppdaga vi grotter.

Det meste av landområda på øya er i privat eige, og vår norske allemannsrett finns ikkje. Spansk lov gjev likevel fri adgang til grotter og strender fordi strandlinja, og 50 meter vidare innover land, generelt er offentleg spansk eigedom.

Nokre grotter har namn og er tatt med i guidebøker, men vi besøkte ikkje desse. Vår strategi var å padle ut frå ei strand og sjå kva vi kom til. Dei grottene vi padla i vart altså oppdaga



▲ Jenta har gitt klarsignal.



▲ Øde strender og mandeltreblomstring.



▲ Denne var ekkel.



▲ Ny grotte i sikte.



▲ Godt å kome ut i sola.



▲ Tørre grotter.



▲ Store grotter.



▲ Sjøgrasball.



▲ Fossile østers.

etter kvart som vi padla. Grottene hadde allslags storleiker. Mange store grotter hadde store opningar og takhøgde på over ti meter. Dei følte nesten som katedralar. I desse var det alltid fuglereir oppunder taket. Og fuglane som hekka side om side var overraskande nok skarv og ringduer! I mindre grotter såg vi stimar av sølvaktig fisk som vart lyst opp av refleksjonane frå sollyset utanfor, eller i lyset frå hodelyktene. I andre grotter var veggane dekkja med gule, grøne og rosa algar.

### Skumle grotter

Ikkje alle grottene var like tiltrekkande. Inngangane var små, og innanfor venta det bekmørke og det ukjente. Hodelykt er ein god ting å ha med, for å sei det slik. Sjølv om nokre grotteopningar ikkje var så store, var det aldri fare for å bli innestengt i grottene ved flo, for skilnaden på flo og fjære var berre 19 cm då vi var der. Nokon grotter var så skumle at vi ikkje turte å padle inn. Og nokre av dei vi padla inn i, ja, dei var det vanvittig godt å kome ut av igjen!

Ein del grotter hadde inngang over sjønivået, så her klatra vi direkte ut av kajakken og inn i grottene. Vi gjorde det på denne måten i to grotter, og fann skattar i begge to. I den eine fann vi tjukke lag med fossile østers, medan vi i den andre fann runde, brune ballar. Desse viste seg å vere fibrøse delar av stilk og røtter til sjøgraset Posidonia, som berre finns her i Middelhavet. Sjøen vaskar dei sakte men sikkert inn til ballar, som med vind og bølger vert slengt opp i grotter og på strender. Det er så mykje av dei at dei har fått sitt eige namn, egagropili. Dermed vart det duka for bocchia-turnering med egagropili!

### Kvifor så mange grotter?

Mallorca består i all hovudsak av kalkstein, som for 150 millionar år sidan vart danna som avleirningar av kalkhaldige smådyr og algar på havbotnen. Fordi dei afrikanske og europeiske kontinentalplatene har pressa seg opp mot kvarandre, så heva havbotnen seg og Mallorca «oppstod» for 18 millionar år sidan. Det er vel nok geologi for denne gang, men resultatet

er i alle fall at vi i dag har gammal havbotn med massevis av gamle grotter både langs kysten og inne på øya. Ein bonus er også at ein finn fossil overalt!

Logistikken var enkel sidan vi hadde med eigen oppblåsbar kajakk. Den frakta vi med oss i bagasjerommet på leigebilen eller på dekket av seglbåten. Vi såg litt på alternativet med å leige kajakk på Mallorca. Det går mest i sit-on-top kajakkar, men nokre plassar har dei havkajakkar. Dei dagane vi var her opplevde vi 5-7 sekundmeter pålandsvind og store dønningar som slo rett mot land, så eg vil absolutt anbefale havkajakk. Satsar du på å leige kajakk er det viktig og reservere takgrind til leigebilen når du bestiller den. Då er du klar til grottepadling i lunka vatn! ●●

### Områder med grotter vi anbefalar

**Vestkysten og i nord:** Port de Soller, Cala Sant Vicenc, Port de Pollença

**Østkysten:** Cala Magruder, Cala Barches, Cala Antena, Port de Colom, Cala Santanyi, Cala Llobards.

### Utgifter

Norwegian flyg Oslo–Palma kvar dag, og tilbyr billettprisar ned til 549 kr/veg i juni, juli og august. Den eine havkajakk-utleigaren vi snakka med, kom med leigeppris på rundt 20 Euro/dag.